

## BREV TIL SPRÅKPRAKSIS

Kvinnherad kommune har vedteke å ta imot flyktningar til kommunen. Dei som vert busett i Noreg har som oftast behov for å læra norsk og bli kjent med den norske arbeidsmarknaden før dei kan byrja å arbeida. Normalt skjer dette gjennom deltaking i introduksjonsprogrammet. Introduksjonsprogrammet er eit kvalifiseringsprogram som skal forførebu til norsk arbeidsliv. Målet er å bli økonomisk sjølvstendig, og koma i arbeid. Programtida ein deltek i introduksjonstida varierer etter kva skulenivå ein har, og varierer i alt frå 6 månadar til 3 år. I programmet deltek ein også på norskkurs på vaksenopplæringa, og ein har òg tiltak i programmet, eksempelvis språkpraksis.

Språkpraksis skal gje moglegheit til å læra norsk på ein arbeidsstad, samt gje erfaring innan eit arbeidsområde. Difor ynskjer vi at alle som vert busett får språkpraksis. I fyrste omgang startar deltakar i praksis éin dag i veka. Introduksjonsprogrammet har òg moglegheit for fleksibelt hurtigspor, slik at vi kan individuelt tilpasse programmet.

Ein språkpraksis er todelt, den skal både innehalda moglegheita til å læra norsk gjennom praksis, samt at ein får innblikk i det norske arbeidslivet. Det er difor viktig at det vert lagt til rette for at deltakaren blir snakka med i språkpraksis. Ein må gjerne hjelpa deltakar med rett uttale og finna rett ord. Det kan vera ein god idé at tilsette på avdelinga/bedrifta er kjent med at deltakaren er i språkpraksis.

Vi i integreringsteamet er opptekne av å finna ein språkpraksis som matchar kvar einskild sin erfaring, kunnskap og personlege eigenskapar. Nokre gonger ynskjer folk å jobba med noko anna enn dei har erfaring innan, då prøver vi å etterkoma dette. Vi samarbeider med kvar einskild å finna ein språkpraksis som dei kan trivst i. På slutten av programtida er målet å finna ein språkpraksis som kan bidra til overgang til arbeid.

Programretteleiar er ein av oss i integreringsteamet som har ansvar for oppfølging av deltakar i språkpraksis. Vår rolle er å oppretta og evaluera språkpraksisavtale. Vi følgjer opp deltakar og praksisstad gjennom perioden med språkpraksis. Vi held jamleg kontakt via e-post/telefon, samt besøker praksisstaden.

Har du spørsmål kan du ta kontakt på: [anna.kathrine.b.mathisen@nav.no](mailto:anna.kathrine.b.mathisen@nav.no)

Vennleg helsing  
Integreringsteamet ved NAV Kvinnherad



KVINNHERAD  
KOMMUNE